



Vestland
fylkeskommune



Workshop Kva er god besøksforvaltning

Fretheim hotel 8. januar 2026

Tema for workshop

- Korleis utvikle dialog og samarbeid mellom verneområdeforvaltninga og reiselivet.
- Korleis skal vi marknadsføre og kommunisere området på ein ansvarleg måte?
- Kva ønsker reiselivet av besøksforvaltningstiltak?

Spørsmål 1

Vi ønsker å dele, utan at vi øydelegg verdiane vi forvaltar og har ansvaret for.

- Korleis vi skal få vise fram, dele og la fleire oppleve dette vakre landskapet, utan at det går på kostnad av naturen, landbruket og innbyggjarane våre?
- Korleis sikrar vi bruk og ikkje forbruk av verdsarvområdet?

Spørsmål 2

- Er det fullt på fjorden? Har vi plass til fleire kajakkar, som både er på fjorden og som ønsker å campe/overnatte i innmarka langs fjorden?
- Har vi nådd ei grense – og korleis klarer vi å avgrense denne bruken av fjorden og områda ved fjorden?
- Diskuter gjerne tiltaka som SPOR har gitt i notatet «Nærøyfjorden som opplevingsarena i naturbasert reiseliv» og legg gjerne til tiltak de ønskjer.

Spørsmål 2 forts. Diskuter «tilrådingar og tiltak»

- Betre informasjon og vertskap: Meir tydeleg kommunikasjon om ferdselsregler og lokal praksis
- Faste møteplassar: Årlege møte mellom grunneigarar, forvalting og reiseliv
- Grunneigaravtaler: Fleire formelle avtalar for bruk av landingsplassar og leirplassar
- Finansiering: Langsiktig støtte til miljøpatrulje og vertskapsroller. Vurdere besøksbidrag og cruiseavgift
- Kanalisere ferdsel til egna område og vurdere ytterlegare fartbegrensing på fjorden

Spørsmål 3

Landbruket bidreg til å sikre kulturlandskapet, som er ein viktig del av attraksjonskrafta langs fjorden. Samtidig gjer press frå reiselivet det vanskelegare å vere bonde i verdsarvsområdet.

- Korleis skal vi sikre at eit levande landbruk fortsett er ein viktig del av verdsarvområdet?
- Korleis kan vi sikre at reiselivet ikkje går på kostnad av landbruket?

Spørsmål 4

«Ansvarleg reisande» veit korleis de skal «oppføre seg» og tar omsyn til både natur, kultur og lokalsamfunnet.

- Korleis kan dei besøkande vere betre forberedt og har fått god informasjon før dei kjem på besøk til oss?
- Kva er god nok informasjon - kven skal lage informasjonen - og korleis skal vi få den ut i til turistane, før og under reisa?
- Har vi den gjesten vi ønsker oss?
- Kan vi betre styre ferdsel og trafikk gjennom kommunikasjon?

Spørsmål 5 – bonus spørsmål

- Sosialt ansvar kan bli "et salsargument for bedriftene« for å nå dei «bevisste reisande»? Korleis kan bedriftene som er aktiv i området bidra til lokalsamfunnet og verneområdet?
- Kan erfaringane frå pilotprosjektet med Miljøpatruljen vere noko vi kan ta vidare til andre tiltak?
- Kan dei besøkande bidra til god forvaltning – «rydd ei strand» - «rydd ein sti»?
- Kan vi få til meir privat - offentlege samarbeid for å finansiere fellesgode?